



Nr. 2 | juni 2021 | 49. årgang



*God sommar!*



### Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Bankgiro: 3705.40.71206

Postadresse:  
Sogndal kyrkjelydsblad  
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:  
Stedjetunet, 2. etasje  
Kyrkjevegen 6, 6856 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:  
57 67 99 85,  
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:  
[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

Facebook og Instagram:  
Kyrkja i Sogndal

Grafisk:  
[printfarm.no](http://printfarm.no)

Kyrkjelydsbladet blir sendt til  
heimane i alle sokn i Sogndal  
kommune med unntak av Leikanger  
sokn. Det er også mogleg å tinga  
bladet for dei som bur utanfor sokna  
bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet  
kjem ut i slutten av september. Stoff  
kan sendast til post@sogndal.kyrkja.  
no innan 27. august.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,  
kr. 400,- for abonnentar.

## LEIAR: *Ferdig snart?*

Når vi er på lengre bilturar, er det ikkje så reint sjeldan at det kjem eit par spørsmål frå baksetet – «Er det langt igjen no?», «Korti er vi framme?» Ofte skjer dette når vi har køyrt ein times tid, og det kanskje er eit par timer att av bilturen. Då gjeldt det å finne nokre aktivitetar sånn at resten av bilturen går unna utan at det vert for keisamt for dei to i baksetet.

For tida føler eg meg litt som ungane mine i baksetet. «Korti er vi ferdig med korona», «Er det lenge igjen no?». Altså – eg er luta lei korona, og eg vert ikkje lei meg om du som lesar tenkjer «skriv han om korona no igjen??» Men no kjem vi sakte, men sikkert tilbake til eit normalnivå, får vi tru. Ting opnar opp.

Rett før eg skreiv denne leiaren vart nivå 2 av gjenopninga innført. Det å kjenne at no kan vi planlegge for det meir normale – det er godt. For det er ikkje til å leggje skjul på at det nok er mange som har kjent på ein viss frustrasjon over at ting har vore planlagt, så avlyst, så flytta og planlagt på nytt, for så å bli avlyst igjen fordi situasjonen har endra seg frå veke til veke.

Eg håpar at vi no er på veg inn i ei meir stabil tid, der vi kan planlegge OG gjennomføre slik vi har tenkt!

Mange fysiske arrangement hjå oss har vore avlyst eller utsett denne tida, men heldigvis har vi fått gjennomført mykje. Litt lenger uti bladet, kan du sjå bilete frå eitt sånt arrangement – Tårnagent. Dette vart til slutt gjennomført i byrjinga av mai med 25 tårnagentar frå heile Sogndal kommune.

Vi håpar å kunne arrangere fleire møtepunkt i tida framover, og gler oss til å sjå deg i kyrkja!

### Takk til Printfarm

Til slutt må eg få rette ei takk til trykkeriet vårt, Printfarm i Øvre Årdal. Nummeret du les no, er det siste som vert produsert hjå dei, og frå neste nummer vert kyrkjelydsbladet produsert hjå Ingvald Husabø Prenteverk (IHP) på Leikanger. Tusen takk til Printfarm for det produktet og dei tenestene dei har levert til oss gjennom fleire år!

Eg vil også rette ei stor takk til dei to dyktige designarane hjå Printfarm, Ane og Wenche, som har kome med innspel og tankar og gjort sitt til at vi har fått laga eit blad vi er svært nøgde med. Takk for det gode samarbeidet vi har hatt!

God sommar!

*Hallgeir Øgaard Westli*  
Redaktør

### Foto på framsida:

**Stort bilet:**  
Ølmheim kyrkje. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

**Lite bilet venstre:**  
Tre tårnagentar i aksjon i Ølmheim kyrkje.  
Foto: Kyrkja i Sogndal

**Lite bilet høgre:**  
Illustrasjonsfoto. Kjelde: Pixabay

### Stoff og bilet til Kyrkjelydsbladet

Har du teke bilete eller skrive  
noko som du ynskjer at vi skal ta  
inn i bladet? Send det gjerne på  
e-post til post@sogndal.kyrkja.no  
innan 27. august.

# Praksisstudentar

Hei!

Vi er to studenter ved HVL Sosialt Arbeid, som har vært så heldige å få praksisplass på kirkekontoret. Vi var spente på hva vi kunne bidra med, spesielt som var relatert til vår utdanning. Vi trengte ikke å være spente så veldig lenge. Her har vi blitt tatt godt imot - og vi har fått oppleve hjertevarmen i kirka på nært hold. Kirka i Sogndal er en fantastisk arbeidsplass.

I løpet av praksisperioden har vi satt i gang med et prosjekt. Det prosjektet innebærer å ønske alle velkommen inn i kirka, og tilrettelegge sånn at det passer for alle. Vi har i den forbindelse et samarbeid med bo- og miljøtjenesten i Sogndal, der vi har ønsket alle med psykisk utviklingshemming velkommen til «torsdagsklubben». En møteplass med sang, musikk og bingo med fokus

på glede, samhold og mestring-følelse. Disse møtene vil foregå en torsdag i måneden, og vil fortsette også etter at vi er ferdige i praksis. Vi gleder oss veldig til å teste ut hvor godt dette fungerer, og vi er beæret over å få lov til å gjennomføre noe så gøy og viktig. Det er jo nettopp det kirka skal være – en møteplass for alle.

*Så sto vi der  
To studenter  
Ante ingenting om kristen tro  
Hvordan skulle dette bli, mon tro?  
Jesus, Gud og påskevandring  
Visste ikke helt hvordan presten var  
i handling  
Konfirmanter, dåp og begravelse  
Fokus på glede, sorg og helse  
Samhold, hjertevarme og tro  
Og en tanke om at alle  
Er like god.*

Takk for at vi fikk lov!  
Tina - Praksisstudent



## Kyrkja som fellesskap

Tida vi er i, har gitt oss nye utfordrande oppgåver, dyrekjøpt erfaring og samtidig gitt oss høve til nytenking. Rundt omkring i bygdene har det blomstra med kreativitet, påfunn, gode tankar og handlingar - alt for at vi skal kunne få til noko av det vi ynskjer mest - vere saman med andre menneske og ha fellesskap. Eg kan nok ikkje ta ordet for alle, men vil meine at vi er gode på å tilpasse oss og vere fleksible når vi må!

Mange av oss har nok fleire spørsmål knytt til kyrkja, gudsstenestelivet og fellesskapet etter at vi har måtte gjere såpass store endringar i det etablerte. Kan hende skal vi satse både på gudstenester, men òg ta med oss nye moglegheiter for å bruke kyrkjerommet meir fleksibelt! Vil du vere med på dette?

Kyrkjelyden består av levande steinar, der alle har sin plass. Derfor snakkar vi ofte om

fellesskapet, og det å skape noko saman, at vi treng kvarandre -som lemmer på ein kropp. Lat oss difor møtast i kyrkja og bygge kyrkja saman!

*Gitte Therkelsen Torstad  
DIAKON*

# Nytt frå fellesrådet

I skrivande stund er det framleis slik at koronarestriksjonar set sitt preg på dei prosjekta som er i gang, men samfunnet er i ferd med å opne seg opp att i takt med det aukande talet på vaksinerte. Dette gjer oss optimistiske og gir håp om å få alle våre prosjekt og aktivitetar opp å gå framover.

## Nye Stedjetunet

Det nye Stedjetunet er også på plass med gode lokale som kan nyttast til mykje. Kyrkjeringane i Stedje sokn er komne godt i gang att, og det same har babysong og samlingane i sorggruppa. Nemnda for ungdomsarbeid er også i god gang med mange planar for bruken av bygget. I Stedjetunet finn du lyse og trivelege lokale som kan nyttast til mange ulike aktivitetar. Har du ein god idé du gjerne vil få sett ut i livet, er du velkommen til å ta kontakt!

## Brannsikring og utviding av gravplassen

På Leikanger er arbeidet med brannsikring av kyrkja godt i gang, og skal vere ferdig til sommaren. Kyrkja må truleg halde stengt i om lag 1 veke på grunn av dette arbeidet, men me vil gjere det me kan for at dette skal gå minst mogleg ut over bruken av bygget.

På Stedje er arbeidet med utviding av gravplassen godt i gang. Dette vart også nemnt i førre nummer av kyrkjelydsbladet. Her får me fleire nye gravfelt for kistegraver, men også nokre eigne felt som er tiltenkt urner. Det kjem også nye vasspostar og benker i området og me får inn nye lyspullertar langs vegen. Det vil samstundes

også bli utført nokre utbetringar på noverande gravplass. Det nye området håpar me blir fint med fleire nye planter og hekkar.

## Boss på gravplassane

Kyrkja handterer no sjølv bosset på gravplassane. På nokre av gravplassane hadde me tidlegare avtale med kommunen om å gjere dette, men etter samanslåinga har kyrkja sjølv tatt over dette ansvaret. Det er oppretta avtalar med Simas om tømming av dunkar i samband med deira vanlege ruter for bossenting. Dei tilsette samlar saman bossekene frå stasjonane inne på gravplassane i forkant av Simas sin henterunde. Me vil gjere så godt me kan for at du ikkje skal møte fulle bossdunkar, men innimellom kan dette likevel skje. Dersom du kjem til ein stasjon inne på gravplassen der bossdunken er full, set me pris på om du har høve til å skifte ut sekken med ein ny. Det ligg rullar med bossekker ved alle stasjonar som du kan nytte. På førehand – tusen takk!

## Praksisstudentar

Kyrkjekontoret har hatt triveleg besök av to studentar i vår. Tina og Frida kom i byrjinga av april og skal ha praksis her ved kontoret til litt ut i juni månad. Dei har for det meste følgt arbeidet til diakonen, men har også sett seg inn i arbeidet til dei andre tilsette ved kontoret. Tina og Frida er to hyggelege jenter som det har vore berikande å ha med oss, og me håpar også at dei har trivest.

## Sommar og optimisme

Når du får dette bladet i hendene er det sommar og eg håpar me har ei tid med

optimisme, kjærleik og openheit framfor oss. Eg skreiv ein tekst til 150-års jubileet til Ølmheim kyrkje i 2013. Eg tek den med til slutt her og vil med den få ynskje dykk alle ein retteleg god sommar!

## Ei perle vakkert skin

*Ei perle vakkert skin.*

*Små barneauge strålar og viser oss ei verd full av kjærleik, lys og fin.  
Dei viser oss ei verd som ventar,  
ei perlerand på himmelen blå,  
ei verd der vakre tonar møtest,  
ei verd med blomar, sol og liv.*

*Slik vatnet væter jord,  
slik får den vesle spira liv og vaknar i  
den mørke jorda.*

*Slik vert den vesle knopp ei rose,  
ei blomstereng, eit fargeskrin,  
som åkerlappen med si grøde:  
det mettar både kropp og sinn.*

*Eit smil for frose sinn.*

*Små dogdropar funklar og lyser i det  
vårgrøne graset på jord.  
Den vesle spira vaknar, lever.  
Guds kjærleik tryllar lyset fram,  
så sol og varme smyg til hjarta.  
Den tiner sinn og kalde jord.*

*Slik gir vår Gud oss håp.*

*Ein blomekrans av dufter og prakt i  
regnbogen sitt vakre fargeskin.  
Eit håp som løfter oss i glede,  
ei sol på himlen gir oss liv,  
som vatnet renn mot opne havet.  
Det gjer det godt å vera til.*

*Det er ei gåve stor.*

*Alt ligg der klart og ventar med lys og  
varme, grøde og fine vekstar.  
Dei viser klårt Guds kjærleik til oss,  
alt godt han ynskjer slik å gi:  
ei verd av kjærleik, harmoniar.  
Det er ei gåve til vår jord.*

**Jorunn Merete Haukås-Eide**  
**kyrkjeverje i Sogndal**

# Dáp

## Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lovar å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på [www.sogndal.kyrkja.no/Dåp](http://www.sogndal.kyrkja.no/Dåp)



DEN NORSKE KYRKJA  
Sogndal kyrkjelydsråd

# Ei historie om gudstenesta

Gudstenesta har røter attende til urkyrkja og etter som hundreåra gjekk, kom ulike liturgielement til og fekk sin plass.



Gudsteneste i ei kyrkje i Berlin. Foto: Pixabay

Dei første kristne «heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene» les me i Apostelgjerningane 2, 42, og tidleg vart det vanleg å samlast første dagen i veka - vår sundag (Apg 20,7). I forteljinga om emmausvandrarane les me at Jesus sjølv la ut skifta og viste korleis ho peika på han (Luk 24, 27). At Jesus Kristus er hovudperson i Bibelen, er ein løysingsnøkkel òg for gudstenesta. Fleire stader i breva kjem me tett på forkynninga i urkyrkja:

*Han vart openberra i kjøt og blod, rettferdigjord i Anden, sedd av englar, forkynt mellom folkeslag, trudd i verda, oppteken i herlegdom. (1. Tim 3, 16)*

Eit anna glytt inn i den urkristne gudstenesta får me i 1 Kor 14, 16 der amen (det er sant og visst) blir nytta som eit gjensvar på det som blir sagt. Den tidlegaste gudstenestefeiringa med si ekte glede, sitt djupn og alvor er det

store førebiletet for all seinare gudstenestefeiring.

Dåp og nattverd er liturgielement med tydelege koplingar attende til tidleg gudstenestefeiring. Når ein i dåpen blir døypt til «namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande» (Matt 28, 10), så er dette referert i Didache, eit skrift frå frå omlag år 100. Dermed er dette noko av det som har følgt gudstenesta lengst. I andre århundre skriv Justin Martyr (100-165) at i gudstenesta er det no vanleg med skriftlesing

frå bibelske skrifter med etterfølgjande preike. Han fortel at det òg var etablert skikk å samla inn pengar til naudlidande. I dagens forbøn blir det bedt for «...ditt skaparverk...» og for «...vår konge og hans hus....». Tilsvarande bøner vart nytta i gudstenesta på Tertullian (155-220) si tid.

Nattverden er særmerkt for den kristne gudstenesta. Dette måltidet gir fellesskap mellom kristne og er ein stad der Guds tilgjeving blir teken imot på synleg vis.

Innleiingsdialogen lyder slik:  
Liturg (L): Herren vere med dykk.  
Kyrkjelyd (K): Og med deg vere Herren.  
L: Lyft dykkar hjarte.  
K: Vi lyfter våre hjarte til Herren.  
L: Lat oss takka Herren vår Gud.  
K: Det er verdig og rett.  
Dette er ord som har følgt vestleg og austleg kristendom heilt frå 200-talet og er såleis felleskristen eige og dermed eit uttrykk for det universelle med kristen tru.  
Litt etter innleiingsdialogen følgjer heilagprisinga eller Sanctus (Jes 6, 3):

*Heilag, heilag, heilag er Herren  
Sebaot, all jorda er full av hans  
herlegdom*

For vår kyrkjegrein vart dette teke inn kanskje alt på 300-talet. Strukturen av lesingane i gudstenesta endra seg litt etter litt, m.a. under påverknad av kyrkjefedrene Ambrosius (339-397) og Augustin (354-430). Det vart vanleg med ein fast struktur med tre lesingar; først frå Det gamle testamentet eller breva, så frå ein av salmane og til sist

ein evangelietekst. På slutten av 300-talet var det òg fastsett kva skrifter Bibelen skulle innhalda, og dermed vart det lettare med ei slik ordning.

Bøneropet «Kyrie eleison» (Herre, miskunna oss) vart teke sein i bruk i kyrkja i vest, men på 500-talet veit ein at det var kome inn i liturgien.

Truvedkjenninga er hos oss eit fast ledd i gudstenesta, men slik var det ikkje dei første hundreåra. Då var det gjerne i dåps-gudstenester, som ofte var lagt til påsketida, at dei som skulle døypast sa fram den truvedkjenninga som vart nytta lokalt. Og i tider då det kristne trusinnhaldet har blitt sett under press, har det vore viktig med presise formuleringar. Den nikenske fekk si endelege utforming under kyrkjemøtet i Konstantinopel i 381, medan den apostoliske er yngre og endeleg formulert i 6. eller 7. århundre. Den er heller ikkje felleskristen eige – den høyrer til kyrkja i vest. Det var kanskje først på 1000-talet at truvedkjenninga vart ein fast del av gudstenesteliturgien.

Når det gjeld Fader vår eller Herrens bøn, så var det truleg pave Gregorius den store (d. 604) som sytte for at denne bøna kom inn i liturgien. Av samkomer er nok gudstenesta noko av det eldste me har – konkret, bunden av tid og rom – med eit innhald som strekkjer seg ut over dette. Vonleg er det slik at dei gamle røtene gir oss ein historisk dimensjon som me gjerne vil ta del i.

*Helge Eilifsen*  
tekst

## Kjelder

Drecoll, Volker Henning (2011). «Gottesdienst in der Alten Kirche»  
Eckstein, Hans-Joachim (2011). «Gottesdienst im Neuen Testament»  
Begge i *Kompendium Gottesdienst*, Tübingen: Mohr Siebeck  
Hellerström, A.O.T. (1940). Liturgik. Stockholm: Svenska kyrkans diakonistyrelses bokförlag.

## Friluftsgudstenester i sommar

**20. juni:** Stølsberg, Vetlefjorden kl. 11.00  
Kaupanger, friluftsgudsteneste på Museet kl. 11.00.  
Felles med Stedje sokn.

**25. juli:** Fjærland kl. 15.00:  
Gudsteneste ved Bremuseet.

**1. august:** Fimreite kl. 15.00.

**8. august:** Torstad Grendahus kl. 11.00.

**15. august:** Holmevasshytta, Gaularfjell kl. 12.00.

## Gudstenester med konfirmasjon

For konfirmantlister,  
sjå side 11.

**Laurdag 21. august:**  
Kaupanger stavkyrkje  
kl. 10.00 og kl. 12.00.  
Leikanger kyrkje kl. 11.00.

**Laurdag 28. august:**  
Stedje kyrkje kl. 10.00 og  
kl. 12.00.  
Tjugum kyrkje kl. 11.00.

**Laurdag 4. september:**  
Stedje kyrkje kl. 10.00 og  
kl. 12.00.  
Leikanger kyrkje kl. 11.00.

**Laurdag 11. september:**  
Ølmheim kyrkje kl. 11.00.  
Fjærland kyrkje kl. 11.00.

# Konfirmanter 2020 i Stedje, Norum og Kaupanger sokn

Alle foto: Christian Blom



## Stedje laurdag 10. oktober kl. 10.00

Rad 1, fra venstre: Liv Anna Skaar Listheim, Vilja Falck Husum, Ruben-Aron Leirdal, Oliver Øygard Ølnes, Anne Cathrine Bergheim, Emma Kristin Gunvordal. Rad 2, fra venstre: Diakon Gitte Therkelsen Torstad, ungdomsprest Andreas Danbolt, Torbjørn Engset, Ola Liheim, Anna Fimreite, Ingeborg Barkved, Anna Sunneva Hågvar, Juni Andrea Skjeldestad, Kristin Rubner Johansen, Sidney Isaac Otieno, sokneprest Mikael Bruun.



## Stedje laurdag 10. oktober kl. 12.30

Rad 1, fra venstre: Elise Hovland, Andrea Russ Weinbach, Helene Norheim, Martine Aaberge, Ingvild Eikevik, Thea Sønnesyn. Rad 2, fra venstre: Sokneprest Mikael Bruun, Odne Espe Vikheim, Sigurd Resaland, Ivar Alpen Kvåle, Carmen Victoria Fedje, Ingrid Hov Heggestad, Dennis Selseng, Marius Årøy, Kjetil Stenehjem, ungdomsprest Andreas Danbolt, diakon Gitte Therkelsen Torstad.



**Stedje laurdag 17. oktober kl. 10.00**

Rad 1, fra venstre: Tone Stenehjem, Andrea Bruland Øygard, Laila Stenehjem, Thea Bakke Dvergdal, Jin Therese Schøyen, Synne Bakke Dvergdal. Rad 2, fra venstre: Diakon Gitte Therkelsen Torstad, Sokneprest Mikael Bruun, Jakob Loftesnes Harjo, Alexander Gulholm Friborg, Mathias Lee Breilid, Ane Malen Sætren Myklebust, Kate Skjeldestad, Håvard Lee Breilid, Helmer Husum, Mathias Lemvik Vigdal, Ungdomsprest Andreas Danbolt.



**Stedje laurdag 17. oktober 2020 kl. 12.30**

Rad 1, fra venstre: Lena Nesse Heggestad, Siri Munthe Olsen, Brian Teigen Kvam, Vegard Kongelf Stadheim, Hanna Loftesnes Breilid, Eili Drageset Ellingsen. Rad 2, fra venstre: Diakon Gitte Therkelsen Torstad, sokneprest Mikael Bruun, Thorvald Helle, Jadeen Georg Mulondi, Alfred Wåltorp Vangestad, Mathias Veum Tuftene, Kenneth Solne, Martin Sva Wergeland, Elias Selseng Johansen, Leo Hillestad, ungdomsprest Andreas Danbolt.



#### Kaupanger 24. oktober

Rad 1, fra venstre: Tale Moldestad Eineteig, Maria Vedvik, Linn Langen Dale.

Rad 2, fra venstre: Kristina Ruud, Andrine Teigen Jensen, Linnea Flikki, Marie Haukøy Eckhoff, Ada Ørnes Tvedt, Oda Sjøthun, sokneprest Kathrine Valle. Rad 3, fra venstre: Ungdomsprest Andreas Danbolt, Vetle Bendik Skjerdal Fimreite, Iver Sætre Systad, Gaute Aaberge Dale, Eirik Rognstad Ness, Mathias Vatlestad, Trygve Grønsberg, Magnus Langen Dale, Sigve Svardal Skogheim, Jacob Numedal Engebø.



#### Ølmheim laurdag 3. oktober kl. 11.00

Rad 1, fra venstre: Inga Einevoll Fimreite, Åshild Davidsen Fimreite, Ingebjørg Reppen Halset, Isabell Moene Slinde.

Rad 2, fra venstre: Sokneprest Vegard Bondevik Lie, Oliver Eidsaune, Sindre Fardal, Markus Lazaro Mannsverk Bringas, ungdomsprest Andreas Danbolt.

# Konfirmasjonar hausten 2021

Dei fleste konfirmasjonane vart i år flytta frå våren til hausten. Då kyrkjelydsbladet gjekk i trykken i byrjinga av juni, var det framleis dialog med nokre foreldre angåande konfirmasjonstidspunkt. Listene under vert difor publiserte med etterhald om endringar. Då listene vart publiserte i påskenummeret av Kyrkjelydsbladet, vart dverre ei av gruppene frå Stedje-konfirmantane utelatt. Vi orsakar feilen.

## Ølmheim kyrkje

### 11. september kl. 11.00

Sivert Alpen  
Vanessa Lorentzen Brenden  
Sara Christensen  
Alexander Kure  
Tuva Barnses Lærum  
Johan Emanuel Nornes  
Celina Slinde  
Adrian Vikør Slinde Ahlin  
Thea Øvereng Ylvisåker

Johan Lefstad Drægni  
Marthe Aardal Venes  
Selma Feidje Rørvik  
Sivert Skålid

Kriss Havila Bonabandi  
Benjamin Aasen Engebø  
Ine Langen Dale  
Martine Lerum Hjellhaug  
Bertine Bruland Selseng

### Laurdag 4. september kl. 10.00

Ingve Josvanger Borlaug  
Elias Johnsen Nesvoll  
Eskil Holum Gjørven  
Frank Rafael Morris Kjørlaug  
Håkon Barsnes  
Ingvar Hollekve Hagen  
Isak Bøthun  
Mia Stende Selseng  
Noah Lunde Hillestad  
Sander Vindedal Espe  
Synva Solstad Herfindal  
Trym Thomasson Hoff-Dalsøren

Laurdag 21. kl. 12.00  
Peder Flåten  
Eline Grønsberg  
Julie Settevik Midtgård  
Ida Øyre Osuch  
Trym Sva Ramstad  
Preben Farnes Solbakken  
Angelica Nygård Ålsberg

## Stedje kyrkje

### Laurdag 28. august kl. 10.00

Elling Ingeson Kvåle  
Even Heggestad  
Ada Bertina Gunvoradal  
Eirik Leikanger Gjerdalen  
Kaja Bjelde Hjelmhaug  
Linnea Skartun  
Mathias Øren  
Ola Lerheim Olsen  
Vilde Aspeseter Bäckström  
Adrian Høgi  
Viljar Stavø

### Laurdag 4. september kl 12.00

Ella Mari Pettersen  
Adam Selseng Johansen  
Andreas Jensen  
Feven Tsegay Alem  
Jenny Feidje Rørvik  
Anja Ytrøy Wiborg  
Kent Harberg  
Knut Liheim  
Kristian Kongelf  
Malin Ytrøy Wiborg  
Silje Ytrøy Wiborg  
Per Fimreite

## Tjugum kyrkje

### Laurdag 28. august kl. 11.00

Austeja Adomaviciene  
Brynjar Fuglestad  
Elias Johannes Nilsson  
Francesco Johannes Tjoflat  
Miconi  
Peter Bøthun  
Renars Berneckis Neset

## Fjærland kyrkje

### 11. september kl. 11.00

Karoline Skeide  
Nora Supphellen Solsvik  
Kristi Anne Skeide

Marius Reed Mundal vart konfirmert i Fjærland kyrkje 23. mai.

## Kaupanger kyrkje

### Laurdag 21. august kl. 10.00

Marte Senneset Aaberge  
Kasper Bolset



## «Himmel over livet» – tårnagentdagen 8. mai

På sjølvaste frigjeringsdagen samla me ein gjeng tredjeklassingar i og ved Ølmheim kyrkje. Endeleg! For etter to utsetjingar, vart det lenge å vente for både tårnagentar, kyrkjetenar, trusopplærar og prest.

Sidan agentane går på 5 ulike skular, måtte det ein heil del logistikk til i planlegginga av dagen. Me laga grupper på 3-5 deltakarar, og alle gruppene hadde englevakter som passa på at alt gjekk greit føre seg. Då me hadde velkomstsamling ved kyrkjetrappa, kikka sola fram og helste oss, og minna oss om at Jesus er ljoset for verda. I løpet av to timar rakk alle dei 6 kohortane opp i tårnet og rundt på ulike postar i og utanfor kyrkja, pluss at me åt nygrilla pølser og var samla til ei lita gudsteneste. Med så kjekke agentar rekk ein mykje på kort tid!

Birte Husum

Trusopplærar





# Trusopplæring i Balestrand sokn

## Babysong (0-2 år):

Ta kontakt med kyrkjelyds-pedagogen (466 97 476) om du er interessert i å vere med på Babysong på Helsestasjonen.

## Nestenåring (5.-8. kl.)

Fredagsklubb på Bedehuset kl. 18-20. Dataar i haust: 27/8, 24/9, 22/10, 19/11 og 17.12.

På opningssamlinga,

27. august, er 5.

klassingane særskilt inviterte, og dei får Teikneseriebibelen i gáve.



## SommerTreff (13-16 år) 21.-25. juni på Sygna vgs i Balestrand

Dette er ein leir med god undervising og mange artige aktivitetar. For meir informasjon og påmelding: [sygna.vgs.no](http://sygna.vgs.no). Har du spørsmål, kontakt Henning på [hsagevik@sygna.vgs.no](mailto:hsagevik@sygna.vgs.no).



19. september blir det utdeling av Barnebibel til 6-åringane i Tjugum. Invitasjon til samling og gudsteneste kjem i posten!

# TOL-tiltak haust 2021

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn  
Me håpar å ha så normale tilhøve som mogleg. Endringar kan kome.

TOL-tiltak	Alderstrinn	Dato/kl.	Sokn
Blomster-gudsteneste med utdeling av seksårsbok og arbeidshefte, og bibel til 11-åringar. Heile familién er invitert.	6 år 11 år	20.06. kl. 11.00	Fjærland.
Bibel-bok-utdeling: «Ei vandring gjennom den store forteljinga»	11 år	05.09. kl 11.00 Meir info kjem om Leikanger og Kaupanger.  (Stedje har hatt utdeling.)	Norum Leikanger Kaupanger
Babysong	0-1 år	Følg med på Facebook og nettsida vår.	Leikanger, Stedje og Kaupanger. Fjærland- og Norumbabyar er velkomne der dei måtte ynskje å møte opp.
Skulestartgudstenester med utdeling av seksårsbøker og arbeidshefter.	6 år	15.06. kl 11.00 KL 11.00 KL. 16.00 KL 17.00	Stedje Norum Kaupanger Leikanger
Haus-takkefestar med utdeling av fireårsbok.	4	26.09. KL 11.00 KL 11.00 03.10. KL 11.00 KL. 11.00 KL. 17.00	Kaupanger Fjærland Stedje Norum Leikanger
Tårnagentdag	8 år (fødde 2013)	23.10.	Alle fem sokna inviterast
Lys Vaken i Leikanger kyrkje	11 år	20. – 21.11.	Alle fem sokna

Trusopplæringa på Facebook: «Trusopplæring – kyrkja i Sogndal»

Babysong har også ei Facebook-gruppe som heter «Babysong i Sogndal». Det er der me har direktesendt babysong.

## Samtalegruppe for ungdom

Du som går på ungdomsskulen og har spørsmål om livet, døden, Gud, kvardagen eller noko heilt anna, er hjarteleg velkommen heim til Magni Åm Risa (kyrkjelydspedagog) i Fjærrestad 42 til mat og prat kl. 19-21 annakvar tysdag. Første samling er 2. september.



## Helsing til dei frivillige

Som kyrkjegjengar og prest vil eg seie takk for innsatsen i året som har gått! Mange har hiv seg rundt og lært seg både digitale ferdigheter og mangt og mykje om smittevern. Mange har også måtte gjort ein frivillig innsats for å halde talet på nærekontaktar nede. Ein innsats som inneber at noko av det vanskelegaste av alt som finnest. Nemleg å vere heime og ikkje kunne bidra med det ein vanlegvis gjer, men snarare kjent at resignasjonen har teke litt over for gløden og engasementet.

Eg har i løpet av mine seks år som prest for første gong opplevd at det ikkje er kyrkjekaffi på mange månader, og kjent at det har vore eit stort sagn, men no har abstinensane gitt seg og eg vert litt usikker på om nokon kjem med kaffien etter kyrkja, og om det er trygt.

Mykje av det sosiale som konfirmantane skulle vore med på har vi måtte avlyse. Leir og heimegrupper for å nemne noko. Det har vore eit sagn. Vi har vore gjennom eit år som har forandra oss, men vi skal ikkje tilbake til før korona, vi skal framover til etter korona! For no er det lys i tunellen! No har vi moglegheit til å skape noko nytt.

Når sommaren er over, og vi forhåpentlegvis er vaksinerte, då er det tid for å finne vegen å gå vidare. Kanskje er det nye oppgåver du skal inn i i Guds rike, anten det er i kyrkja eller andre stader. Kanskje har du ein idé til korleis vi kan bringe Guds kjærleik til menneske rundt oss og gje nytt håp til dei som har mista motet. Eg trur at vi no må nytte tida som kjem til å bygge fellesskapen. Eg trur ikkje folk av seg sjølvे renn ned dørene til kyrkja så snart det opnar opp, akkurat som dei ikkje kjem til å renne ned dørene til treningsentera heller. Eg trur folk treng litt tid og litt hjelpe for å kome i gang.

Slik som mange heiv seg rundt og lærte nye ting då koronaen tok til, på same måte er tida der no for å på ny hiv seg rundt, og hjelpe kvarandre inn i fellesskapen att. Inviter nokon med på gudstenester og samlingar, bli med og kok kyrkjekaffi eller meld deg som medhjelpar for konfirmantar eller som tekstlesar. Alle er vi kalla til teneste i Guds rike akkurat som vi er, og vi har bruk for kvarandre, og ikkje minst har vi no bruk for å møtast og sjå kvarandre!

Velkommen til å bli med å bygge opp att fellesskapen, og velkommen til kyrkja. God sommar.

*Andreas Danbolt  
ungdomsprest*

## Støttespelarene våre:



[www.lerum.no](http://www.lerum.no)

online

Ditt TRYKKERI i Sogn og Fjordane



Printfarm.no

av Skrivargarden AS



Miljøfyrtårn®



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal  
Tlf: 57 67 65 40 | [skjeldestad@kontorspar.no](mailto:skjeldestad@kontorspar.no)  
[www.kontorspar.no](http://www.kontorspar.no)

alliance\*  
—  
OPTIKK

## Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50



ADVOVATFIRMAET  
TOLLEFSEN

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: [post@advokat-tollefSEN](mailto:post@advokat-tollefSEN)

Ledig annonseplass!

### GRAVMINNE:



Optiker  
Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 920 94 145 • [nettbriller.com](http://nettbriller.com)

**HOLLEKVE SAG**  
**TRE- OG STÅLBYGG**

Telefon 90 11 67 83



Byggmester  
Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52  
[www.stenehjembygg.no](http://www.stenehjembygg.no)

**AMFI**  
SOGNINGEN

AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SGN  
[www.nordbohus.no/sogn](http://www.nordbohus.no/sogn)



**HOLEN INSTALLASJON AS**

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

[www.holen-installasjon.no](http://www.holen-installasjon.no) • Tlf. 57 67 75 00 • [post@holen-installasjon.no](mailto:post@holen-installasjon.no)



Sogn Kontorsenter  
57 67 66 99  
[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)

**solberg**  
el-service



*Telefon heile døgnet:*  
**57 68 14 77**

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes  
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse  
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:  
post@hofslundsgen-trafikkskule.no



**Sognekraft**  
- set krefter i sving

[www.sognekraft.no](http://www.sognekraft.no) - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no

**ALT INNAN TØMRAR  
OG BETONGARBEID**  
KONTAKT OSS FOR TILBOD!

**VestlandsHus®**

VestlandsHus Sogn AS • Tlf. 57 67 33 88

**ncom**

OFFENTLEG GODKJENT  
REINGJERINGSFIRMA

[www.ncomsogn.no](http://www.ncomsogn.no)



**ingmar fimreite as**  
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331  
[www.fimreite.as](http://www.fimreite.as)

**FS Anlegg as**  
[www.fsanlegg.no](http://www.fsanlegg.no)

**THARASO AS**



**SOGN  
KJØLESERVICE**  
**sognkulde.no**

57 67 11 11



**dyreklinikken**  
-i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00  
Tys og ons: 08.00 – 11.00  
Tor og fre: 09.00 – 12.00  
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555



FRISØR tlf. 906 75 427

Anne-Karin Mundal Bakke

**TRENG DU  
NOKON Å FORTELJE  
DET TIL?**

**KIRKENES  
SOS**  
22 40 00 40

Ledig annonseplass!

# Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

### BALESTRAND

13.05.2021 Marie Tjugum

### NORUM

16.05.2021 Ivar Øvretun

### KAUPANGER

25.04.21 Mari Lund

25.04.21 Kasper Stølen Aspeseter, døypet Leikanger kyrkje

13.05.21 Aurora Bjørkum

13.05.21 Orion Tverberg

### STEDJE

20.02.2021 Jeppe Grønningsæter, døypet i Vik kyrkje

21.03.2021 Mathias Molland Uglum

21.03.2021 Nikolas Espeland Bergum, døypet i Kaupanger stavkyrkje

18.04.2021 Emma Brusegard Bøe

18.04.2021 Elias Stokkenes

02.05.2021 Olav Brodwall-Aaberge

## GRAVLAGDE

### BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

16.03.2021 Hans Henrik Hovlandsdal (Bisetjing) f. 1946

07.05.2021 Johannes Fjærrestad f. 1924

20.05.2021 Oddvar Rauboti f. 1934

### KAUPANGER

19.03.2021 Anna Margrethe Timberlid f. 1927

### NORUM

23.02.2021 Jon Fimreite f. 1962

16.04.2021 Ragnhild Njøs f. 1925

### STEDJE

12.02.2021 Berit Gjertine Reppen f. 1939

19.02.2021 Agnes Hauge f. 1943

19.02.2021 Gjertrud Aaberge f. 1931

09.03.2021 Per Uglum f. 1927

09.03.2021 Anders Sanden f. 1942

## VIGDE

### KAUPANGER

27.03.2021 Anniken Lilleøren og Tommy Kråkenes

# Velkommen til gudsteneste



Med etterhald om endringer.

Sjå gudstenesteliste i Sogn Avis eller på [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

For frilufts- og konfirmasjonsgudstenester, sjå side 7. Sjå elles [www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no) og Kyrkja i Sogndal på Facebook for oppdatert informasjon.

## JUNI

20. juni Fjærland kyrkje kl. 11.00: Blomstergudsteneste. Utdeling av bøker til 6- og 11-åringar.  
27. juni Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

## JULI - Alle gudstenestene er felles for alle sokna

4. juli Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
11. juli Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
18. juli Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
25. juli Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
29. juli – Olsok Kvamsøy kyrkje kl. 17.00: Olsokgudsteneste. Båtskyss frå kl. 16.00  
Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Olsokgudsteneste

## AUGUST

1. august Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Felles for alle sokna  
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
15. august Stedje kyrkje kl. 11.00: Skulestartsgudsteneste. Utdeling av 6-årsbøker  
Kaupanger stavkyrkje kl. 16.00: Skulestartsgudsteneste. Utdeling av 6-årsbøker  
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Skulestartsgudsteneste. Utdeling av 6-årsbøker  
22. august Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
29. august Tjugum kyrkje kl. 11.00: Samtalegudsteneste med konfirmantane  
Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

## SEPTEMBER

5. september Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste  
12. september Stedje kyrkje kl. 11.00 : Gudsteneste  
Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Gudsteneste  
19. september Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
26. september Fjærland kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest  
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste  
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste

## OKTOBER

3. oktober Stedje kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.  
Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 11-åringar.  
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbøker.  
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Følg Kyrkja i Sogndal på Facebook og Instagram



Kyrkja i Sogndal



@kyrkja\_isogndal

Del dine bilete med oss: #kyrkja\_isogndal #deletrø #gladikyrkja



# Med avkappa hender

Me har alle fått endringar i livet vårt gjennom pandemien. Nokre merkar det mykje, andre merkar det lite. For nokre har koronaen kanskje hatt nokre fordelar, og opna augene for noko anna og viktigare, medan litt for mange har merka trasige, negative konsekvensar. Men me har alle vorte påverka på ein eller annan måte, og etter kvart har me byrja å bli vande med det.

Men me lengtar stadig etter normalen, og nokre ting er vanskelegare enn anna å venne seg til. For meg som prest har noko av det verste vore å kutte ut handhelsinga. Eg kjenner på at eg på mange måtar går med avkappa hender. Og eg klarar ikkje heilt å venne meg til det. Eg vil heller ikkje bli vand med det, for eg håpar me snart kan handhelse att. Eg møter folk i mange samanhengar, og mange eg ikkje har snakka med før. Då er det godt å kunne strekke ut handa og ha det som eit ekstra verktøy i tillegg til ord som «Kondolerer.», «Til lukke med dagen!» eller «Lukke til!» Ja, og det å seie

namnet sitt til handtrykket høyrer også saman.

Det handlar om å røre kvarandre fysisk. Om å kome i kontakt. Eit handtrykk kan vere både fint, godt, vanskeleg, sårt, hardt, varmt og kaldt. Men det er der. Me kjem i kontakt med kvarandre.

Me «står an over», og skal klare oss utan handtrykk ei stund. Og nemneverdig skade vil me nok ikkje ta, får me håpe. Men det skal bli godt å igjen kunne røre ved kvarandre på denne enkle måten. Gud vil også røre ved oss, han vil ha kontakt med oss. Og vår menneskelege kontakt og berøring er ei hjelpe til å skjöne Guds gode berøring av oss. Gud kjem oss nær, han vil vere oss nær. Og det er lettare å skjöne når me på meir normalt vis kan vere nær kvarandre.

Men så er heldigvis ikkje Gud avhengig av handtrykket, slik eg av og til lurer på om eg er. Gud kan røre ved hjarta våre. Og me kan late han gjere det.

«Gud er Gud om alle mann var døde» heiter det i salmen til Petter Dass. Ja, Gud er der alltid og vil alltid vere der, uavhengig av pandemiar eller andre ting som kjem i vegen. Me har i lang tid no ikkje kunna møtast så mykje som me plar gjere, eller skulle ynskje å gjere. Likevel erfarer eg at Gud er der. Både Han og me brukar andre kanalar no enn til vanleg. Og Gud er på alle plattformer, som det heiter så fint. Me kan alltid kome til Han og late oss bli rørt av Han og det Han gjev oss i sitt ord og gjennom Den heilage ande.

Eg ser fram til å få hendene mine tilbake. I mellomtida skal me få hjelpe kvarandre til å bli berørte av Gud. Alltid kan me seie:  
Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lyse over deg og vera deg nådig.  
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. Amen.

*Vegard Bondevik Lie  
Sokneprest, Leikanger og Norum*